

## Prioriterte mål for folkehelsearbeidet i Stord 2020-2024

### Mål 1: Innbyggjarane opplever likeverdige levekår, behovstilpassa tilbod, og like høve til deltaking.

#### Delmål:

- Økonomiske og kulturelle barrierar for deltaking er reduserte
- Aktivitets- og tenestetilbodet til utsette grupper er styrka
- Mangfald og ulike former for evner og ressursar er løfta fram og verdsett

**Grunngeving:** Folkehelseoversikta viser at folk i Stord hovudsakleg trivest og opplever god helse, samstundes aukar dei sosiale skilnadane som i resten av landet. Personar i låginntektsfamiliar strevar meir enn andre både med sosiale relasjonar og deltaking i samfunnet. Ein del unge har vanskar med å komme inn på bustadmarknaden, og ei gruppe unge deltek ikkje i skule eller arbeidsliv og risikerer ei varig form for utanforskap.

Sosial skilnader i helse er systematiske skilnader i helsetilstanden som har sosiale årsaker. Det at fleire har eit daglegliv der dei får bruke ressursane sine, oppleve meistring og kjenne seg verdsette vil føre til mindre skilnader i helse. Såleis er det viktig å stimulere til, leggje til rette for og støtte opp om deltaking og meistring på ulike livsområde som familie, barnehage eller skule, arbeidsliv, lokalsamfunn og fritidsaktivitetar. Me må sørge for tilgjengelege og likeverdige tenestetilbod, velfungerande og inkluderande arbeidsliv, fremje inkluderande haldningar og motverke utestenging.

### Mål 2: Det er lagt til rette for at innbyggjarar har tilgang på nødvendig kunnskap og reelle høve til gode val for å ta vare på helse

#### Delmål:

- Innbyggjarane har tilgjengeleg informasjon om helsefremjande aktivitetar og tilbod, og om konsekvensar av helseskadeleg åtferd
- Kommunen har individ- og grupperetta tilbod om råd, rettleiing og oppfølging knytt til levevanar, rusmiddelbruk, vald og ulukker
- Barnehagar, skular, SFO, institusjonar, arbeidsplassar og frivillige organisasjonar legg til rette for og stimulerer til sunne levevanar
- Nærmiljøet har tilbod om fysisk aktivitet og sosiale fellesskap som er opne og tilgjengelege for alle

**Grunngeving:** Folkehelseoversikta viser at berre halvparten av dei unge og kvar tredje vaksen oppfyller råd om fysisk aktivitet. Relativt mange barn/unge har dårlege kostvanar, og berre nokre få skular har tilbod om måltid. Talet på ulukker er redusert, samstundes er det fleire som rapporterer at dei har vore utsett for vald eller trussel om vald. Det er færre som røyker eller snusar, medan alkoholbruk blant ungdom i Stord har auka og fleire prøver illegale rusmidlar. Talet på unge uføre aukar, og mange opplever psykiske vanskar.

Tilgjengeleg kunnskap er nødvendig og gjer det enklare for folk å ta gode val. Fleire lukkast med å endre levevanar når dei får rettleiing, støtte og oppfølging. Vanar knytt til fysisk aktivitet, kosthald, rusmiddel, søvn og sosial kontakt har innverknad på helse. Levevanane er påverka av det sosiale miljøet og heng saman med levekår, sosioøkonomisk status, normer og forventningar i ulike grupper. Helsefremjande aktivitetar som er opne for alle kan motverke sosiale helseskilnader. Levevanar danna i barne- og ungdomsåra får konsekvensar for heile livet. Barnehagar, skular og barne/ ungdomsorganisasjonar er difor særleg viktige arenaer for å fremje folkehelse også fram i tid.



### Mål 3: Stord er eit berekraftig lokalsamfunn med trygge, trivelege og inkluderande nærmiljø

#### Delmål:

- Det er lagt til rette for kontakt med natur, friluftsliv og attraktive møteplassar der folk er og ferdast
- Stord er eit aldersvennleg samfunn
- Kommunen har ein frivilligpolitikk, samarbeid med frivillig sektor og involverer innbyggjarane i utviklingsprosessar
- Fleire går/syklar eller bruker kollektiv transport i staden for privatbil

**Grunngjeving:** Folkehelseoversikta viser lågare vekst i folketalet, negativ tilflytting og auke i tal eldre. Fleire bur aleine. Stord har eit rikt organisasjonsliv, samstundes er det fråfall frå organiserte fritidstilbod, og det manglar møteplassar med alternative aktivitetar og opne tilbod. Det finns mange turvegar og friluftsområde, men fortetting fører til at nære naturområde blir bygd ned. Trass i at kommunen har stor merksemd på universell utforming og medverknad, er det mange område og tilbod som framleis ikkje er godt nok tilrettelagt, noko som hemmar sosial deltaking.

Berekraft har både økonomiske, miljømessige og sosiale dimensjonar. Naturopplevingar og sosiale møteplassar er viktige for folk si helse og trivsel. Universell utforming fremjar deltaking, og involvering og samhandling styrkar fellesskapet og gjer lokalsamfunnet meir robust i møte med utfordringar. Inaktivitet er ei aukande helseutfordring i alle aldersgrupper. Utslepp av klimagassar trugar helsa til framtidige generasjonar. Tiltak som aukar aktiv transport fremjar difor god folkehelse både ved å bidra til betre miljø og ved å auke fysisk aktivitet og rekreasjon.

